



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Astrid Bakke Haavik, 55 57 20 66

Vår dato
10.04.2014
Dykkar dato
«REFDATA»

Vår referanse
2014/3409 432.4
Dykkar referanse
«REF»

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Oppstart av arbeid med forvaltingsplan for Fossevatna naturreservat

Fylkesmannen i Hordaland melder om oppstart av arbeid med forvaltingsplan for Fossevatna naturreservat i Lindås kommune. Vi ber om at innspel blir formidla til oss innan 29. mai 2014.

Fossevatna blei verna i desember 1995 som ein del av verneplanen for våtmark i Hordaland. Føremålet med fredinga er å ta vare på eit trekk- og hekkeområde for våtmarksfugl, med ein mosaikk av fleire naturtypar.

Kva er ein forvaltingsplan?

Ein forvaltingsplan skal skildre generell tilstand i reservatet, utfordringar og moglege trugsmål mot verneverdiane. Forvaltingsplanen skal sikre ei heilskapleg forvalting av verneområdet ved å gje retningslinjer for skjøtsel, bruk og eventuelle informasjonstiltak. Ein sentral del av planarbeidet blir å utvikle bevaringsmål for artar og naturtypar. Planen vil vere rettleiande og utfyllande til dei eksisterande verneforskriftene og vi håper dermed at planen blir eit godt hjelpemiddel for grunneigarar og andre interesserte.

Forvaltingsplanen presenterer verneverdiar og mål ved bruk av omgrepa *naturkvalitetar*, *bevaringsmål* og *forvaltingsmål*. Dette er ein metode og innfallsvinkel i naturforvaltinga som skal sikre ei meir presis forvalting av naturvernområde i Noreg. Det er Fylkesmannen som har forvaltingsansvaret for verneområda, og det er miljøvern- og klimaavdelinga ved Fylkesmannen som skal utarbeide forvaltingsplanen.

Skjøtsel

Ein av dei viktigaste grunnane for å lage ein forvaltingsplan er å få oversikt over kva slags skjøtsel som trengs i verneområdet for å sikre verneverdiane. I verneforskrifta står det at forvaltingsstyresmakta kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med fredinga. I Fossevatna er det særleg rydding av framande treslag som gran og sitkagran som er aktuelt. Forvaltingsstyresmakta vil gjerne avklare med grunneigarane før vi eventuelt startar med skjøtsel i verneområdet.

Vi ønskjer innspel til arbeidet

Dette er ei melding om at arbeidet med ein forvaltingsplan er i gang. Vi ønskjer å få fram lokalkunnskap for å ha eit best mogleg grunnlag for å forvalte verneområdet.

Fylkesmannen ønskjer mellom anna opplysningar om noverande og tidligare bruk, og kva tankar og idear lokalkjende og andre brukarar har om skjøt selstiltak eller annan bruk av området. Brevet blir sendt til grunneigarar, kommunen og andre aktuelle instansar. Vi ber om at innspel blir formidla til oss innan **29. mai 2014**.

Framdrift i arbeidet

Etter denne første runden med innspel vil framlegg til forvaltingsplan bli utarbeidd og sendt på høyring til grunneigarar og interesserte partar. Du kan sende innspel som brev til Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga, Postboks 7310, 5020 Bergen, på e-post til: fmhopostmottak@fylkesmannen.no, eller på telefon til Astrid Bakke Haavik: 55 57 23 33/ 55 57 20 00.

Adresselista er basert på oppdatert eigedomsinformasjon frå Norges Eiendommer (det nasjonale eigedomsregisteret). Om det er feil i adresselista er det fint om vi får tilbakemelding om dette.

Med helsing

Solveig Kalvø Roald
seniorrådgjevar

Astrid Bakke Haavik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	Isdalstø
Forum for Natur og Friluftsliv i	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Hordaland v/ Bergen Turlag			
Norsk Ornitologisk forening, Hordaland	Postboks 280	5751	ODDA
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen